

Introduser læringsopplegget for elevane. Del elevane inn i grupper og be dei velje seg ut eit dikt som dei likar spesielt godt.

FASE 1 – å velje ut dikt og tolke det	
<p>Personleg oppleving av diktet Alle elevane skriv ned stikkord individuelt, før dei samtalar om spørsmålet.</p>	<p>Elevane les diktet fyrst høgt, deretter stille kvar for seg.</p> <p>Kva slags assosiasjonar og kjensler får elevane når dei les diktet?</p>
<p>Det konkrete nivået i diktet Introduser motiv/tema som faglege omgrep. Snakk om at dikt gjerne har to nivå, eit konkret og eit abstrakt, men at dikt ofte kan bruke fleire motiv og vise til fleire tema.</p> <p>Ved å la elevane teikne motivet, kan dei få ei forståing for det konkrete nivået i diktet.</p>	<p>Be elevane teikne diktet og be dei forklare teikningane sine til kvarandre.</p>
<p>Å nærlese og studere diktet Introduser nokre sentrale faglege omgrep knytte til lesinga av dikta.</p> <p>Sentrale omgrep kan vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> • strofeoppsett • rim og rytme, frie vers • ordstilling og gjentakningar • positivt og negativt ladde ord • språklege bilete: metaforar, samanlikningar, besjeling, personifikasjon, symbol • kontrastbruk • allusjon <p>Tips til korleis du kan arbeide med språklege bilete finn du her: Hausten – eit kreativt temaarbeid i norsk</p>	<p>Be elevane lese diktet minst tre gongar, før dei jobbar individuelt.</p> <p>Undervegs i lesinga skal dei:</p> <ul style="list-style-type: none"> • skrive ned spørsmål til diktet, ting som dei lurar på • slå opp ord eller omgrep dei ikkje skjønar • streke under ord eller setningar dei tykkjer er interessante, og som dei trur er viktige for forståinga av diktet • streke under språklege bilete og skrive stikkord for korleis ein kan tolke dei • skrive stikkord for kva slags assosiasjonar dei får når dei les dei ulike orda/strofelinjene • streke under ord som vert gjentekne • streke under kontrastar • streke under rim <p>Elevane legg deretter fram kva dei har gjort, for resten av gruppa.</p>

<p>Frå det konkrete til det abstrakte – temadiskusjon</p> <p>Repeter/introduser temaomgrepet. Korleis skil det konkrete nivået i diktet (motivet) seg frå det abstrakte nivået (temaet)?</p> <p>Kva er temaet/temaa i diktet?</p>	<p>Be elevane diskutere kva som er tematikken i diktet. Det er viktig at elevane grunngjev dei ulike tolkingane ved å vise til bevis i teksten.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva slags idéar, haldningar, stemningar eller tankar kjem fram i diktet? <p>Be elevane skrive ned synspunkta sine før dei deler dei med gruppa.</p>
<p>FASE 2 – Å produsere ei digital opplesing/tolking av diktet, som skal brukast i litteraturløypa</p>	
<p>Etter at elevane har studert og tolka diktet, skal dei produsere ei digital opplesing/tolking av diktet som dei andre elevane i klassa/andre klasser skal få høyre/sjå.</p> <p>Elevane kan bruke mobiltelefonen til å filme og redigere med.</p>	<p>Det fyrste elevane må ta stilling til, er korleis dei vil presentere diktet. Her er nokre forslag:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Framfør ei tolkande opplesing, der de gjennom bilete og kroppsspråk presenterer diktet. • Lag ein film som tek utgangspunkt i motivet eller tematikken i diktet. Legg til tekst og/eller ei lydfil av diktopplesinga. <p>Viktige spørsmål som elevane må samtale om i forkant av innspelinga?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kvifor spelar lyd, levande bilete og tekst ei så viktig rolle når dei andre elevane skal møte dikta? • Korleis formidle og presentere diktet på ein best mogleg måte? <p>Lag ein plan for innspelinga av filmen, og be om innspel frå lærar.</p>

Kjelde

Rognes Solbu, Kjersti & Jon Opedal Hove (2017). *Samtidslyrikk i klasserommet*.

Fagbokforlaget: Bergen.